

STYRARKONTRAKT

Løyve R-_____

Med heimel i yrkestransportforskrifta § 51, andre ledd er det inngått styrarkontrakt mellom

løyvehavar: _____

og

styrar: _____ (løyvenr.: _____)

Styrar:

1. Styrar skal stå for drift, her under det økonomiske og administrative ansvaret for drosjeløyve R-_____ i perioden _____ til _____. I denne perioden er styrar ansvarleg for at alle forplikningar knytt til yrkestransportregelverket og andre lover og regler med respektive forskrifter vert oppfylt. Her under må styrar oppfylle eigaren sin avtale med sentralen.
2. Styrar skal tilsetja sjåførar i den utstrekning som er nødvendig og sjå til at desse har nødvendige kvalifikasjonar, her under godkjenning frå politiet og sentralen. Styrar har arbeidsgjevaransvar etter gjeldande regelverk, så som å syta for innmelding til AA-register, ordna med påleggstrekk, naudsynte forsikringar og innbetaling av avgift til sentralen. Styrar står ansvarleg for trekt beløp.
3. Styrar skal leggja fram garantierklæring stor NOK 43.000,- per løyve som han skal styra før styrarordninga kan tre i kraft.

Eigar:

1. Eigar skal som oppgjer få utbetalt NOK _____ per måned. Sjølv om rekneskapen viser underskot, eller at overskotet ikkje vert tilstrekkeleg til dekning av nemnde beløp, har eigar i alle tilfelle rett til utbetaling av dette beløpet.
2. Eigar er ikkje ansvarleg for gjeld som er stifta utan at han har gjeve skriftleg samtykke til stifting av gjelda.
3. Eigar har ikkje høve til å utføra teneste som drosjesjåfør i styrarperioden. Eigar kan køyra sporadiske skift dei to siste månadene av styrarperioden.
4. Eigar plikter å innlevere id-kort for oppbevaring hjå sentralen under styrarperioden.
5. Eigar må under heile styrarperioden oppfylle dei krav som yrkestransportlova med tilhøyrande forskrifter stiller. M.a. har eigar ikkje høve til å ta anna yrke.

Felles:

1. Alle økonomiske forhold ved sentralen skal vera oppgjort før styrarkontrakten kan tre i kraft.
2. Denne kontrakten gjeld til _____ med mindre den vert sagt opp tidlegare. Oppseiing skjer med 3 –tre- månaders varsel. Ved dokumentert misleghald kan eigar seia opp kontrakten med omgåande verknad.
3. **Originalt løyvedokument må leverast samferdselsavdelinga for påføring av styrarperioden.**

Bergen, den _____

(underskrift eigar)

(underskrift styrar)